


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 1, 2004/2005

August-september-oktober-november

President Endre Sandnes



Redaksjonskomité: Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Magne Lundemo, Rolf Haugerud

Møte 6. - 27.07

Sommarmøte

Som tidlegare år veksla desse møta mellom frie møte på ”lokalet” og dugnad på Bratholmen. Den 27. var det tradisjonen tru olsokgraut til dugnadsgjengen

Møte 03.08

Fritt møte

Fritt møte med ”feriepreg”, mange er enno ute på reise.

Møte 03.08

Ferieminne m/Øyvind H.

Øyvind tok oss i ord og biletet med på fjorårets feriertur til USA, sørstatene, som vanleg elegant og lærerikt presentert!

Møte 03.08

Komitearbeid

Etter at Paul Arne hadde presentert haustprogrammet, sette vi oss ned i komiteane og la planane for Rotaryåret.

Møte 03.08

Dugnad på Bratholmen

Som vanleg vart mykje godt arbeid gjort på nokre kveldstimer, mest rydding og brenning.

Møte 31.08.04

Fritt møte

I presidentens fravær ledet Anders L. møtet.
Desse hadde fødselsdagar:
Thor Grønmyr 26.08
Rune Rødset 27.08
Bente Bruun 29.08
Bjørn S. refererte fra formannskapet. Haram kommune er tildekt MOT-prisen for regionen

Vest/Øst for 2004. Vatne Tennfjord RK og Brattvåg RK var initiativtakere til MOT i Haram.

R.H.

Møte 10.09 - 12.09:

Hausttur Blåtind

Som i fjar gikk høstturen til Blåtind Appartement i Stordalen. Det var 25 påmeldte til turen, men av ulike årsaker var det «mannefall» i det kun 13 deltok. Ved starten fra Brattvåg fredag ettermiddag var det regnvær, men når vi nærmet oss «Blåtind» bedret været seg og det ble godvær utover kvelden. Vertinnen Kristin serverte rømmegrøt og spekemat, og utover kvelden var det samling i «Stampen» under overdådig stjernehimmel.

Lørdag oppratt med godvær og etter en skikkelig frokost anrettet av «kokkene» Helge og Bjørn, gikk samtalen livlig «Hvor skal

vi gå i dag?»

Man delte seg i 3 grupper: Blåtind, Medtind og Ansokseter. Utover ettermiddagen returnerte gruppene og ny samling i «Stampen» der de ulike turene ble kommentert. Det ble bl.a. referert til ypperlige forhold på toppen av Blåtind.

Kveldens og turens andre høydepunkt var middagen i «Vikinghuset».

Kristin presiderte som vertinne, en fremragende sådan, med assistanse.

Menyen var i gourmetklasse med kjøtt av Highland Cattle, får, og reinsdyr. Som seg hør og bør talte presidenten og Arne akkompangerte på gitaren til sangene.

Ytterligere beskrivelse av festen er unødvendig.

Etter en solid frokost på søndag var det generell avslapping bortsett fra Wencke som var på bærtur, krekling.



På toppen av Blåtind
Frå venstre: Arne V, Helge, Thorleif, Aaslaug og Rolf H.

Møte 14.09 Nye Brattvåg barneskule v/Magne Lundemo

Brattvåg barneskule vart bygt i 1957/65 og har med enkelte unnatak stått likedan fram til i dag. Mindre delar av skulen er renoveret, men stort sett har vedlikehaldet vore heller dårlig. I siste halvdel av 90-talet auka elevtalet sterkt og i år 2000 var skulen i tillegg til å vere umoderne og nedslitt også for liten. Det var nødvendig med omfattande renovering samt påbygg.

Etter ei grundig utgreiing fann ein ut at dette ville bli svært dyrt og kommunestyret vedtok då heller å satse på heilt ny skule. Det vart utlyst til arkitektkonkurranse som HUS arkitekter i Trondheim vann.

Rektor Magne Lundemo presenterte vinnarutkastet. Han fortalte at juryen spesielt likte plasseringa på tomta og korleis bygget var plassert i høve til terrenget. Arkitektane hadde funne fram til ei spanande utfoming av trinnsbasane som svarte godt til funksjons- og romplan. Vidare såg juryen at ein her hadde gode utviklingsmuleigheter i vidare bearbeiding av prosjektet. Planen framover er no å utvikle eit skisse- og forprosjekt. Det skal vere ferdig i løpet av våren 2005. Hausten 2005 skal ein

utarbeide eit detaljprosjekt som så skal danne grunnlaget for å lyse ut prosjektet på anbod. Det er ikkje tatt stilling til kva for entrepriseform ein vil velje. Nyskulen skal byggjast i to byggjesteg og skal stå ferdig til skulestart 2008.

M.L.

Møte 21.09.04 Møte HVS m/statsråd Einar Dørum

Haram Venstre stod for arrangementet og Bente Bruun var møteleder under folkemøtet på Haram vidaregåande skule.

En engasjert justisminister Odd Einar Dørum holdt innledningsforedraget, og i panelet satt ungdomsskuleelevene Tina Hildre og Svein Åge Håvik, samt MOT-informatørene Mette Grytten fra sosialkontoret og Frode Gundersen fra Harm lensmannskontor. Temaet for møtet var «Ungdom og rus». Dørum hadde møtte rusproblemet både som sosionom og i sitt arbeid i Kirkens Bymisjon. Han hadde sett at arbeidet mot rus nytter. En god gammel norsk resept er: **Menneskelighet**. Lærerne må også våge å Se det de ser. Jo tidligere, jo lettere er det å snu, og han rådde foreldrene til å legge vekk prektighetsoppsynet.

MOT handler om at noen bryr seg, viser respekt, sa Mette Grytten. Haram har bevilget 50.000

kroner til MOT-arbeidet, og kan en redde ein fra rus er det verdt mange ganger 50.000. Frode Gundersen var glad for at justisministeren kjenner grasrota. Han sa at Røde Kors hadde startet med natteravner flere steder på fastlandet. Svein-Åge Håvik mente at u-miljøet i Brattvåg ikke var så verst, men savnet mer å ta seg til. Drikkeprøsset hadde hverken han eller Tina merket, men at det er lettere å få tak i øl etter at det kom i butikkene. Jorunn Ulstein Fjørtoft opplyste at det vil bli rikelig med plass for u-aktiviteter i kulturhuset, men manglet et sted for mekking. Dørum avsluttet med å oppmøde politikerne til å «Gjeneurobre ombudsrollen». R.H.

Møte 28.09.04 Naturgass Møre

President Endre ønsket velkommen. Han refererte fra distriktskonferansen PETS II.

* Roterianere på permisjon skal ikke telle med i fraværsstatistikken.

* Rotary 100 år skal være et felles arrangement for Brattvåg - Vatne/Tennfjord - Midsund R. klubber.

* Brattvåg RK hedersbevis for distriktes beste månedsbrev. (Se nettsidene Rotary.)

* Brattvåg RK er blitt tildelt distriktsmidler på kroner 10.000 til Brattholmprosjektet.

* Ørskog RK arrangerer Intercitymøte 10.11.04. «Gror Norge igjen?»

Kveldens foredragsholder var vår egen Olav G. prosjektleider i Naturgass Møre (NM). Han stilte som stand in for direktør Tore Nordal. NM er en liten organisasjon med i alt tre personer i tillegg til to innleide.

NM eies av Tafjord Kraft, Ålesund og Haram kommuner og i tillegg andre kraftselskap. NM har som formål å dekke et økende energibehov i M&R. Olav gav



innledningsvis en summarisk beskrivelse av jordens geologiske historie fra skapelsen for ca. 4,6 milliarder år siden ble dannet og bevart fra å stige opp.

Det er produktene Olje-kondensert - våtgass (Propan og Batan) - Tåregass (Metan).

Naturgassen vil gi miljøforbedringer og verdiskaping og anvendes til transport og energiformål. NM vil dekke markedet i M&R og er basert på islandføring av gass fra «Ormen Lange». Inn til så skjer vil distribusjonen skje som (flytende gass) til kundene i regionen (med tankskip).

Hydro Sunndal har bygget Nord-Europas største anlegg for mot-tak til eget bruk samt distribu-sjon, Rørgass Sunndal Energi.

Tine, Elnesvågen har et energi-forbruk 10 Gwh pr. år. Installert en mottakstank og en Rolls Royce gassmotor (Bergen) for el-produksjon, elles brukes gassen til varme i produksjonen.

Lokal distribusjon med rørnett blir kostbart og sannsynligvis bare i Aukra-området ved islandføring. Der blir bygget en buffer-tank som kan ta unna 3 ukers behov dersom islandføring ligger nede.

NM forhandler med et antall storforbrukere for å montere tankanlegg, bl. a. Sentrumsbygget i Brattvåg, Uksnøy, Rolls-Royce. Presidenten takket Olav for et interessant foredrag. R.H.

Møte 05.10.04

Fritt møte

Denne kvelden var det fritt møte, men president Endre nyttet høvet til å fortelje litt frå den særslukka distriktskonferansen i Ålesund, og spesielt gledeleg var det at Brattvåg Rotaryklubb hadde fått heidersteikn for beste månadsbrev i distriktet. Det var fire par frå Brattvåg-klubben som var i Ålesund, og alle var samde om at det hadde vore ei sværandes gild samkome.

Presidenten minnet om at guver-nørbesøket skal vere 20. oktober i Tennfjord som sammøte med Vatne-Tennfjord Rotaryklubb. Han minnet vidare om at klubbens tradi-sjonelle krabbefest blir tysdag 26. oktober, og påmeldingsliste vart sendt rundt. Ålesund Øst er invitert som i fjar.

ThM

Møte 12.10.04

Yrkesforedrag v/Bente Bruun

Denne kvelden var det yrkes-egoforedrag ved Bente Bruun som stod på programmet. Men først hadde president Endre nokre klubbsaker. Han minnet om guvernørbesøk og krabbefest som står for døra hø-vesvist 20. og 26. oktober. Presidenten kunne vidare opplyse at det var/hadde vore tre fød-selsdagar sidan siste møte, det var Ivar, Johanne og Hjørdis, og den siste fekk mest applaus sidan det var rund dag.

Bente er frå Ålesund, vaks opp Ratvika og Skarbøvika, men med røter i Nord-Norge. Med foreldre og to syskjen hadde det vore ein rimeleg grei oppvekst og ung-domstid, forstod vi, men ho hadde aldri vore i Brattvåg på dans, derimot på fleire meir perifere danseloka-le på Sunnmøre og i Romsdal. Etter gymnasiet vart det føre-buande prøver og husflidsskule. Så vart det eitt års lærarvikariat i Stordal. Då fekk ho smaken på lærargjerninga, så då barst det til Lærar-høgskulen i Sogndal. Der var det iflg. Bente veldig kjekt, og veldig kjekt har det vore det meste av det Bente har vore med på gjennom livet, fekk vi inntrykk av etter kvart.

No hadde ho fått smaken på ut-danning, og DH i Molde vart neste stopp med studiar i Statsvitenskap og off. administra-sjon. Dette førde til lærarstilling

ved Romsdal v.g.skule i Molde. Så gjekk vegen til Haram og Brattvåg, der ho som nemnt aldri hadde vore før. I mellomtida hadde ho gifta seg med Ståle og det vart etter kvart to barn, ein jente som studerer juss, og ein gut som går på ungdomsskulen. Borna og familien elles er ho svært glad i og oppatt av.

I Haram vart det to år som lærar på Vatne barneskule og eitt år ved Helland skule. Då hadde ho fått nok av barneskule, men likte godt å undervise og ho satset di-for på meir utdanning. Det vart 1. og 2.avd. juridicum + BI, og det førde til lærarjobb på Haram v.g.skule med samfunnsfag og rettslære i fagkrinsen. Her var ho til 1993, og ho trivdes veldig godt. Men skulen, særleg handel og kontor, var truga av innskren-kingar, og dessutan lokka ei stil-ling som distriktsarbeidssjef i Brattvåg. Der vart ho i fem år og det var ein kjekk og spanande jobb med mange utfordringar etter som arbeidsmarknaden svinga i distriktet. Noko av erfaringa i Aetat, som det heiter no, var at offentleg adminstrasjon ikkje er så byråkratisk og håplaus som mange vil ha det til. Har ein gode idear og tankar, så var det hennar røynsle at det blir godt mottatt og ofte sett ut ilivet.

Frå 01.01.99 vart Bente tilsett som filialleiar ved Nordea sitt kontor i Brattvåg. I dag er ho også filialleiar for kontoret i Langevåg, tre dagar i Brattvåg og to dagar i Langevåg, og med dagens tekniske hjelpe midlar meinte ho at det går fint.

Ho fortalte at bankarbeidet har endra seg mykje dei seinare åra på grunn av den raske datatekniske utviklinga, og som eit døme nemnde ho at banken i Brattvåg på det meste hadde snart tre gonger så mange tilsette som dagens seks. Arbeidet har gått frå veldig mykje skranke-

teneste/transaksjonsarbeid til meir rådgjeving/salsarbeid. Svært mykje av det tradisjonelle bankarbeidet går no føre seg over Internett. Kravet til medarbeidarane sin kompetanse blir stadig skjerpa, så den som ikkje kan eller vil henge med må nok sjå seg om etter anna arbeid. Kravet til rådgjevarar gjer at det truleg blir innført ei slags godkjenningsordning for slike.

Utfordringar såg Bente i å halde på marknadsposisjon og naturlegvis helst auke den, men ikkje på bekostning av godt bankhandtverk, særleg i høve til nye og tyngre kundar som dukkar opp som fylge av dagens særslige rente. Rentemarginane er for tida pressa så det gjeld å vere nøktern på kostnadssida og ikkje ha for store tap.

Endeleg fekk vi vite at minibankane ikkje er noko gullgruve for bankane, men kva hadde vore alternativet?

Til slutt kom Bente inn på sine mange interesser utanom arbeidet. Ho er samfunnsengasjert og er f.t nestleiar i Haram Vesntr og ho sit i kommunestyret for partiet.

Ho synest ikkje kommunepolitikk er så håplaust som mange vil ha det til. Det går an å få fram saker til brukbare løysingar om ein berre arbeider på rette måten, var hennar konklusjon.

Bente fortalte at ho alltid har vore glad i skigåing og fjellturar, og i år fullførte ho Skarverennet. På Sandøya har ho hytte i den gamle skulen, og det gjev høve til båtliv og fiske. Legg vi så til interesse for kultur i form av litteratur, konsertar og kunstutstillingar har vi vel fått med det meste. Men siste tida har den største interessa og innsatsen gått med til å bygge seg nytt hus på Synnalandsneset

i Brattvåg.

Det var tydeleg at fordraget fenga, for det var mange spørsmål til Bente, særleg om rente og bankstrategi. Presidenten avrunda med å takke Bente for eit svært interessant foredrag, og som han sa det viste igjen at yrkes-egoforedraga er noko av dei beste programpostane. ThM.

Møte 26.10.04

Krabbefesten

Så var tida koma for den årvisse krabbefesten. President Endre kunne opne med å ynske nærare 90 menn og kvinner velkomne, ein spesill velkomst retta han til dei 25 frå vår charterklubb Ålesund Øst, som hadde tatt vegen til Brattvåg denne regntunge haustkvelden. Det var ikkje spesielle klubbsaker, men presidenten kunne ynske Rune F. til lykke med vel overstått fødselsdag. Presidenten slo også til med å deklamere "Krabbetausa" av Jo-stein Kvithaug, noko som passa godt inn i kveldens program som stort sett var krabbekos -og litt reker.

Klubbmeister Arne T. tok så over styringa resten av kvelden. Som sagt var krabben med tilhøyrande hovudprogramposten, men det vart også plass til litt til. Thorleif M. fortalte om ei tragiskkomisk gravferd på Lesjasog i 1929. Gunnar Roald, som er presiden i Ålesund Øst,

takka på vegne av klubben for invitasjonen og han vona at det gode sambandet med Brattvåg vil halde fram. Han antyda i den samanheng at det kanskje blir torskeaften til våren igjen i Ålesund. Det ser vi fram til, i alle fall alle som var der i år.

Inn i mellom røl og raddel og kaffi vart det tid for lotteri, og det kom inn langt over 3000 kroner til "saka". Og så må vi ikkje gløyme at songboka til Kalle Kraft var i bruk fleire gonger med stort hell.

Harald Bror Johansen avrunda det heile med å takke for maten, dvs. krabben, som han skrytta uehingga av..

Og då var det berre for vår eigen presiden å takke kamerats-skaps- og samfunnskomiteen for særslig vel utført arbeid.

Krabbeskjella frå Fjørtofta var i alle fall etter referentens syn av framifrå kvalitet, og når då også majonesen heldt mål i rikeleg mengd, borga det for ein særslig hyggeleg kveld.

Th.M

Møte 02.11.04

Fritt møte

Anders L. opna møtet og ønskte alle vel møtt.

Klubbsaker: Anders informerte om Intercity-møte på Sjøholt med Ørskog Rotaryklubb som arrangør. Rundt borda på Hautunet gjekk drøsen livleg også denne kvelden....

ML

Bilete til venstre:
Glade
Brattvågarar
på Distriktskonferanse i Ålesund.
Frå venstre:
Lidvar, Endre
og Anne Grethe

